



FJELL KOMMUNE  
Postboks 184  
5342 STRAUME

Dato: 08.03.2016  
Vår ref.: 2014/10587-39  
Saksbehandlar: hanengu  
Dykkar ref.:

## **Fråsegn - Områdereguleringsplan for Sotrasambandet - framlegg til alternativ løysing for ny rv 555 på fylling/kulvert over Arefjordpollen - Fjell kommune**

Vi viser til brev datert 22.1.2016 om høyring av forslag til mindre endring av områderegulering for Sotrasambandet. Hovudføremålet i planen er vegføremål og er i hovudsak i samsvar med overordna plan.

Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### **Vurdering**

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Endringa omfattar i hovudsak areal i sjø, vi har dermed oversendt saka til Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet har tidlegare gjennomført marinarknologisk registrering i Arefjordpollen, og kjenner ikkje til marine kulturminne i området som blir råka av planen.

Vi har ikkje vesentlege merknader i saka når det gjeld tilhøvet til kulturminneinteresser, men vi minner for ordens skuld om at det ligg eit automatisk freda kulturminne (Askeladden-id 174999) som skal bevarast nær planområdet på austsida av Arefjordpollen. Vi ber om å bli orientert seinast to veker før realisering av tiltak i denne delen av planområdet slik at vi kan vurdere å merke kulturminnet i terrenget. Vi viser elles til kulturminnefagleg fråsegn datert 07.12.15 til områdeplan for del av Sotrasambandet i Fjell kommune.

#### Samferdsel

Samferdselsavdelinga har forståing for at det vert jobba med kostnadsreducerande tiltak for Sotrasambandet. Eit av tiltaka er å redusere lengda på bru over Arefjorden og i staden etablere ein kortare kulvert/fylling litt lengre ut i pollen. Dette alternativet vil ikkje medføre endringar for trafikkavviklinga, og samferdselsavdelinga har difor inga merknader til tiltaket.

### **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Eva Katrine R. Taule  
kst. plansjef

Hans-Christian Engum  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Heidi Handeland, fylkeskonservator, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Gunhild Raddum, transporplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA